Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av : M. K. Gursdal

(adresse) : Austefjord Volda

Fylke : Møre

Herad : Volda

Bygdelag : Austefjord

Gard : Gursdal

G.nr. 62 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter røynsle og minne

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Skav: Sammenumt utanom høyet er (Hjelpefor og naudfor) serleg nytta å skøyte i naud i ringe forår og i vårknipe i seine vårar.

2) Kjenner til: „Dei låg på „skavskogen". Det vart sagt om slike som i vårnaud låg mykje på skogen etter skav, beit, brom.

3) Bøyinga av gjerningsordet skav: I fortid „skava" dei og „skov. Notid „skjev. osv.

4) So seint som siste krig i mangel av kraftfor og kunsthøy vart skav nytta attåt. Men til vanleg gjeng det no ut. Men har vore nytta som hjelpefor også i vanlege år i eldre tider.

5) Dei mest nytta treslag i vår bygd, var Raun, alm og selje. Raun gjævast.

6) Ordet skjerle eller skave vart soleis knytt serleg til Raunen.

7) Rimet om dei ymse treslag nytta til skav kjenner me: Heggen gjer merg i leggen Selja svelte, vidja velte. Almen gjøder, raunen føder og gjer rjomen raud.!

2289

ùmlag so er rimet brot ført her.

8/ Det var Kua som fekk „skavborken"
gjenom vetrhalvåret. Dei fekk pågjamnen
isaman med „höydotten" (våndelen)
som oftast vart tilmåla med sparsemd
etter mengda skav ein hadde til rådvelde.
Vart höyet lite mot våren, vart mengda
skav auka tilsvarande. Men når trei
„lopa" i sevja um varen, vart rogna
mein stramm i smak og ikkje so velsmak=
ande for Kua især den tjukkaste borken.
Då hende det og dei vart vanda av dyra
om dei fekk rikeleg høy attat.
Skav av ore (olden) Tjenner og ikkje
til vart nytta.

9/ Kua mjölka godt av rogn især.
Det var fyrst större mengder i tillegg
til foret det sette smak på mjölka.
Rjome og smör hadde raudgul farge og kunde
utan skade nyttast i hövelige mengder.
Men vårlopingi (sevja) var ómfin for smaken.

10/ Hesperod av rogn og alm og udels selje
vart tilvanleg skava til for.

11/ So snart föret at kröteri vart i knappaste
laget, drog forfedrane tidleg på vetteren
på „skavskogen" og henta tilfang til gards.
Og dette hende dei ved handa å taka etter i
fele stunder.

12) Skavskog

13) For at marker etter Skavskog
— etter lauvskog, etter Bjornhumb
osv.

14) At kårfolk skulde på skavskog på
fastande hjarte på langfredag, vet og ikkje
noko spisielt om.

2289
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15/ Det var nokso vanleg skavinga
gjekk for seg på låven, eller i tunet og i
vedhuset. Men var veret kaldt, hender
det, det vart skava i stova.

16/ Det mest nytta reidskapet for skaving
var (Skavl) Skavlen var eit
reidskap laga spesiet til sitt fyremål.
Den vart laga av ei böygd ljå'spik som
bå'e endane gjekk inn att og same trehand-
taket. Denne skavlen såg ùtleg so ut
sett ovantil: 

Bandkniv vart nytta på grovaste borken.
Den vart so hoggen små i stutte stykkjer
med öks på ein liten stabbe. Ved skaven
vart den tunnare og finare for dyri å eta.
Når skavlen ikkje var for handa, vart
tolekniv nytta å smida borken.

17/ Når det skulde skavast bork, vart
skavveden oppshoggen i høvelege lengder.
Heiwed laut gjölsagt hava 2 meter lengde.
Derimot vart det som skulde brukast til vanleg
brennefang stuttare hogge ca 1 meter til 1.30
for å vera lett å snu og vende. ved skavinga.
Noko serskilde foranstaltningar til å feste
skavveden, kjenner eg ikkje til her i bygda.
Dei sat gjerne på ein krakk, heldt kjeppen
med eine hand, stödd mot golvet. Til vanleg
vart skaven bruka med högre handa.

18/ Ordet skavkal er ukjendt her.

19/ Kjeppen vart halden roleg under skavinga
til vanleg.

20/ Skavved og skavkjeppar

2289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21) Ein kallar skavet for „Skavborke".

22) Til vanleg vart det skave både store og små greiner – og leggen. Lengda på veden er nemnd ovanfor.

23) Skavkjepp dei grove, og skavkvist dei tunnare.

24) Di finare borken var skaven, di betre for kua å eta. Men då måtte skavet nyttast med ein gong. Det vart mindre bra når det turka inn. Det vart sjølvsagt at kua leika best det finaste og mjukaste skav og verdsette mannen etter arbeidet soleis.

25) Den tjukke veden av rogn o.d. vart mykje ofte nytta til bakstived.

26) Det hende at skav vert nytta enno den dag i dag. Men det tek sikkert av etter kvart. Arbeidskrafta er no verdsett for högt til å kunne skava bork som grunnlag for sin livestandar i yrket.

M. K. Gundal.

Orsaka at eg kjem seint med stoffet: Arbeidet med innhaustninga har halde meg hardt i åk.

H. S.

2289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING